Setesdal interkommunalt politisk råd

Setesdalssamarbeid
Bygland, Evje og Hornnes, Valle, Bykle og Åseral

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2021/2-36 | Rita Hansen | 23.04.23 |

**REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 17. APRIL 2023**

Møtestad: Kommunehuset, Åseral
Møtetidspunkt: 17. april kl 1000-1300
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune
Steinar Kyrvestad, Valle kommune
Jan D. Dalen, Bykle kommune
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Hans Fr Grøvan deltok på teams til sak 7

| **Sak** | **Merknad** | **Ansvar /frist** |
|---|---|---|
| **1 - Godkjenning av referat frå førre møte**<br><br>Referat godkjent.<br>Ein held fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida, og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Vert også sendt til postmottaka. | | |
| **2 – Leiars hjørne**<br><br>Orienterte om dialogmøtet med fylkesutvalet. Styreleier, nestleiar og dagleg leiar deltok. Oppsummering av hovudtrekk i orienteringa, samt den påfølgjande dialogen og spørsmåla som kom.<br><br>Avslutningsvis var me også innom areal og arealregnskap, med utgangspunkt i sitatet frå styreleiar i KS. Bodskapen må ein simpelthen gjenta og gjenta.<br><br>*«Arbeidet må gjennomføres med respekt for lokaldemokratiet og de vanskelige avveiningene som foregår i landets kommuner og fylkeskommuner for bruk og vern av arealer»,*<br>sier styreleder Gunn Marit Helgesen i KS. | | |
| **3 - Fv 42**<br><br>Planlegginga av fv 42 frå Hornnes til Eiken har starta. Ikkje samanhengande, men parsellvis slik som ved Rv9. Drøfting om Setesdal IPR bør ta politisk initiativ saman med Listerrådet til å delta i parsellprioriteringa og framdriftsplan. | | |

Postboks 4 4747 Valle
Kommunehuset 4747 Valle
T 37 93 75 00
E post@setesdal.no
Bank: 2890 67 12905
Org. nr. 981 543 556
www.setesdal.no

| | | |
|---|---|---|
| Konklusjon: Inger lise tar kontakt med Margrethe Handeland (nestleiar i Lister IPR) og følgjer opp. | | Inger Lise |
| **4 - Politisk påverknadsarbeid – tur til Oslo**<br><br>Aktuelle tema:<br>• Nasjonal turistveg<br>• Bygdevekst<br>• Kvalitetsnorm villrein<br>• Kriminalomsorgen/fengsel (Maria Aasen)<br>• I tillegg drøfta ein om Unesco bør takast opp, eller om det er noe tidleg ift prosessen med evaluering og organisering/organisasjon.<br><br>Steinar har dialog med Gro-Anita Mykjåland kring dato osv. Gir beskjed til ordførarutvaelt straks dato er klar. | | Steinar |
| **5 - Møte vdr prosjekt framtidig organisering av arkiv- og museumsstruktur i Agder**<br><br>Førebuingar til møte i utvalet 8. mai, kor det er lagt opp til møte med Rune Holbæk vdr prosjekt framtidig organisering av arkiv- og museumsstruktur i Agder. Orientering om henvendelsen og dialogen ift møtearena.<br>*Merk: I etterkant av dagens møte er det avklart at me flyttar dialogen til styremøte i juni.* | | |
| **6 - Gjensidig oppdatering frå USS-samling og KS-ordførarsamling**<br><br>USS-samling. Villrein og kvalitetsnorm for villrein kom på dagsordenen også her. Generalistkommune, ikkje a og b kommunar.<br>Beskattning; prinsipp og fordeling, mineraler, sol, vind, vann.<br><br>KS-ordførarsamling. Var i Manchester: «aldersvennlig samfunn», korleis leggja til rette for ein aldrande befolkning. Gode innlegg. «Du plikter å planlegge din egen alderdom tidlig». Men merkbar forskjell mellom Noreg og England, og ein får bekrefta at vi har det godt i Noreg.<br><br>Gjensidig oppdatering av kven som deltek på andre arenaer den næraste framtid. | | |
| **7 - Nasjonal turistveg v/Hans Fr Grøvan**<br><br>Hans Fr Grøvan deltok på teams, og orienterte om aktuelle strategiar framover, og kven han har vore i kontakt med den siste tida. | | Rita mfl |
| **8 - Eventuelt**<br><br>a) Mobilitet<br>Erfaringer så langt med Svipp i Bykle? 2 dagar i veka, berre på dagtid og berre internt i kommunen. Ønsker å utvida ordninga, spesielt for å treffe ungdommen betre.<br>Hent meg/Åseral. Lokalt innovasjonsprosjekt. Elles har Frivilligsentralen skaffa 9-seter som nyttas.<br>Spørsmåls- og diskusjonsrunde.<br>Kva med fylkeskommunens rolle her....?<br><br>b) Felle møte ordførarutvalet og politisk leiing i fylkeskommunen<br>Ref førre møte. Mogleg det vart skipa til møte i samband med Arendalsuka, slik som i fjor. Kjem tilbake til saka. | | |
| **9 - Bedriftsbesøk** | | |

| | | |
|---|---|---|
| Etter det ordinære møtet, vart det bedriftsbesøk. Denne gongen går turen til Thorsland Elektro AS som har kontor i Kyrkjebygd, Austrudsmonen.<br><br>Meir info:<br>https://www.thorslandelektro.no/<br>https://www.setesdal.no/ordfoererutvalget-paa-bedriftsbesoek-i-aaseral.6595973-480629.html | | |
| **Neste møte:**<br><br>Blir på Hovdetun 8. mai kl 1000-1500, inkl bedriftsbesøk. | | |

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar